

MØTEPROTOKOLL

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Møtedato: 25.09.2007

Stad: Hemsens

Handsama saker: Frå nr. 69 - 77

Frå kl. 09:00 til kl. 14:30

Innkalte:

Funksjon

Navn

Forfall Møtt for

Leiar

Knut Haug

Nestleiar

Olav Lappegard

Medlem

Magny Reinton Folkedal

Medlem

Eilif Gundersen

Medlem

Anne Kjersti Frøyen

Medlem

Ole Tom Nord

FO

Medlem

Tor Veslegard

Diverse merknader:

Frå administrasjonen møtte Kjell Kløve (sak 69), Harald Varlid (sak 74 –77), Jan Petter Vad (sak 70-72), Trond-Erik Buttingsrud (sak 73) og Reidun Aaker (heile møtet)

Underskrifter:

.....
Knut Haug

.....
Olav Lappegard

.....
Magny Reinton Folkedal

.....
Eilif Gundersen

.....
Anne Kjersti Frøyen

.....
Tor Veslegard

Møteprotokollen er sendt:

Medlemmene, 1. varamedlemmer, ordførar, rådmann, økonomiavdelinga, kommunelege I, 10.2 representant, medlemmene i kontrollutvalet, servicetorget, Ål bibliotek, Hallingdølen og Radio Hallingdal.

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
69/07	07/1432	MELDINGAR TIL MØTE I STNR 25.09.07
70/07	04/1021	KLAGE PÅ UTBYGGINGSPLAN FOR SLETHOVDUN 38/2
71/07	06/544	1.GONGS HANDSAMING - REGULERINGSPLAN FOR BARSKRIND NORDRE 19/3
72/07	05/1556	2. GONGS HANDSAMING -REGULERINGSPLAN FOR BREABLIKK
73/07	07/1085	HØYRING - NYTT REGELVERK FOR MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG
74/07	05/453	TORPOVEGEN 50 - SØKNAD OM FRITAK FOR RENOVASJONSORDNING FOR LEILIGHET
75/07	07/963	TORPOMOEN DRIFT AS - SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNAL RENOVASJONSORDNING
76/07	06/812	REGLEMENT FOR SANITÆRANLEGG I ÅL KOMMUNE
77/07	06/1273	BESTEMMELSAR FOR BRUK AV VASSMÅLAR HJÅ ABONNENTAR TILKNYTT ÅL KOMMUNE SINE VASS- OG KLOAKKANLEGG

Saksnr. 69/07

MELDINGAR TIL MØTE I STNR 25.09.07

Rådmannen si innstilling:

Ingen

Handsaming:

Kjell Kløve orienterte om stoda for vegvedlikehald.

Harald Varlid orienterte om Gunnarhaugen vassverk og om ekspropriasjon av grunn til ny containerplass ved Fetjastølvegen.

Vedtak:

Meldingane vart teke til orientering. Ingen vedtak vart gjort.

Saksnr. 70/07

KLAGE PÅ UTBYGGINGSPLAN FOR SLETHOVDUN 38/2

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 27-3, har Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) vurdert klage frå fire grunneigarar på reguleringsvedtak for utbyggingsplan Sletthovdun. STNR meiner spørsmålet kring vegretten er privatrettsleg, og at både utbyggjar og kommunen har handla i tråd med plan- og bygningsloven når det gjeld varsling av oppstart og kunngjering av reguleringsvedtaket. Klagen vert ikkje teke til følge.

Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Buskerud for endeleg avgjerd.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samsrøystes vedteke.

Saksnr. 71/07

1.GONGS HANDSAMING - REGULERINGSPLAN FOR BARSKRIND NORDRE 19/3

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i Plan- og bygningsloven §27-1 vedtak Sektorutval for teknisk, næring og ressurs å legge Reguleringsplan for Barskrind Nordre 19/3 med tilhøyrande føresegner ut til offentleg ettersyn, med følgjande endringar:

Hyttetalet vert redusert frå 30 til 17 slik at det er i samsvar med overordna plan.

Når hyttetalet er endra, vert reguleringsplanen sendt ut til offentleg ettersyn med ein uttalefrist på 5 veker.

Dersom utbyggjar ynskjer å regulere 30 nye hyttetomter må planforslaget verte handsama som eit innspel ved rullering av arealdelen av kommuneplanen.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 72/07

2. GONGS HANDSAMING -REGULERINGSPLAN FOR BREABLIKK

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs tilrår etter § 27 i plan- og bygningsloven at reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, datert 08.07.06 vert godkjent.

Framlegg:

I samsvar med § 27-2 i plan- og bygningsloven vedtek Ål kommunestyre at reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, datert 08.07.06, vert godkjent.

Ål kommunestyre ber administrasjonen oversende reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, til Fylkesmannen som sender planen vidare til Miljøverndepartementet for endeleg stadfesting.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg:

Ål kommune påpeikar at det allereie finst fritidseigedomar på nordsida av fylkesvegen mindre enn 300 m frå planområdet.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs tilrår etter § 27 i plan- og bygningsloven at reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, datert 08.07.06 vert godkjent.

Framlegg:

I samsvar med § 27-2 i plan- og bygningsloven vedtek Ål kommunestyre at reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, datert 08.07.06, vert godkjent.

Ål kommunestyre ber administrasjonen oversende reguleringsplan for Breablikk, med tilhøyrande føresegner, til Fylkesmannen som sender planen vidare til Miljøverndepartementet for endeleg stadfesting.

Ål kommune påpeikar at det allereie finst fritidseigedomar på nordsida av fylkesvegen mindre enn 300 m frå planområdet.

Saksnr. 73/07

HØYRING - NYTT REGELVERK FOR MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs i Ål kommune har følgjande uttale til Forslag til nytt regelverk for motorferdsel i utmark og vassdrag:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs stiller seg bak høyringa sitt føremål med å endre regelverket for motorferdsel i utmark og vassdrag.

For å få eit betre og klarare lovverk, og eit lovverk som har større forståing i lokalsamfunnet, har Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) desse marknadane til lovteksten (utdrag frå lovteksten er merka med kursiv):

§ 2 (virkeområde):

I perioden frå og med 15. oktober til og med 30. april, anses også snødekt innmark som utmark, med unntak av gårds plass, hustomt, inngjerdet hage eller park. Det er nytt ved denne lova at snødekt innmark skal reknast som utmark. Med bakgrunn i føremålet å avgrense bruken av snøskuter, har STNR ikkje merknader til at dette vert teke inn i lova. Det er verdt å merke seg at den generelle innstraminga i lova, og det at innmark til no har vore ein mogleg arena for praktisk køyreopplæring, vil føre til eit auka trong for at kommunen må sett av egna areal til praktisk køyreopplæring.

Vei i utmark som ikke er opparbeidet for kjøring med vanlig bil, anses i denne lov som utmark. Dette betyr at private vegar kan brøytast med føremål som for eksempel snøskutersafari.

Godkjente traktorvegar etter landbrukslovgjevinga, som på privat basis får ein høgare standard ein klassen tilseier, kan dermed også brøytast og brukast i samband med motorferdselarrangement. STNR stiller spørsmål om dette er hensiktsmessig, når føremålet skal vera å avgrense motorferdsel.

§ 4 (krav til aktsomhet og dokumentasjon m.v. ved motorferdsel i utmark).

All motorferdsel i utmark og på vassdrag skal foregå med miljøtilpasset framkomstmiddel og så aktsomt og hensynsfullt som mulig for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet, og ivareta muligheten til å oppleve stillhet og ro. Dette leddet må sjåast i samanheng med definisjonen av miljøtilpassa framkomstmiddel, § 5, punkt d). Det skal her utøvast eit skjønn, med parametarar det er vanskeleg å sette ein verdi på. STNR meiner at tilhøve som t.d. kva for køyretøy som er tilgjengeleg og kostnad, må kunne takast inn i vurderinga.

§ 7 (kommunal motorferdselplan)

Innan to år etter at lova er vedteke skal kommunen ha utarbeidd ein motorferdselplan med heimel i Plan- og byggingslova. For at forslaget til Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag skal fungere, er ein avhengig av at kommunen legg ned mykje ressursar i denne planen.

§ 9 (motorferdsel i forbindelse med utmarksnæring)

I Ål kommune er det vanleg med utleige av stølsbuer og anna fritidshusvere. Mange av desse utleigarane er små aktørar. I dag kan desse søke om løyve, der kommunen er sakshandsamar. I nytt lovverk er det forslag om at desse søknadane skal handsamast av fylkesmannen, og at

dei må ha ein omsetnad på ein ½ G (1/2G = 33 406 kr.) eller meir. 1/2 G vil vera avgrensande i høve til mange av dei som har utleige husvære i Ål. STNR meiner at kravet om 1/2G må strykast, men at det framleis må dokumenterast ein viss omsetnad.

§ 10 (dispensasjon)

Det kan ikke gis dispensasjon med mindre transporten etter at samfunnsmessig helhetssyn, utvilsomt er mer til gagn enn til skade eller ulempe for naturmiljøet, stillhet og ro. Slik denne teksten står i dag, utan vidare føringar, er det nærast ei umogleg oppgåve å gjere denne vurderinga og samstundes kunne dokumentere/etterprøve vedtaket. Paragrafen må følgjast opp med enten ein rettleiar eller forskrift.

§16 (leie av transport med snøskuter)

I punkt c) opnast det for at leigekøyning kan nyttast heile vintersesong etter at det er gjeve byggeløyve. Dette er ei innstraming i høve til tidlegare regelverk. Køyning på gyldig byggeløyve er etter STNR sin vurdering nyttekøyning, og dagens regelverk bør vidareførast. Å nytte leigekøyning ved gyldig byggeløyve vil verke fordyrande, lite fleksibelt og vil føre til meir køyning i og med at leigekøyrarar må køyre tur/retur morgon og kveld. I tillegg bør unntaket for motorferdsel forbodet gjelde like lenge som byggeløyvet gjeld (dvs for 3 år). Punkt c) må difor leggjast inn under § 8, og avgrensinga til fyrste vintersesong må strykast.

Punkt e). I ein hyttekommune som Ål er det mange verksemdar som har ulike oppdrag knytt opp mot hytter, det vera seg snekkarar, installasjon og vaktordning for straum og røyrløysingar. At desse skal nytte leigekøyrarar vil verke fordyrande og er lite fleksibelt. STNR meiner at denne gruppa med verksemdar må få eit eige punkt under § 9 (dvs at dei kan søkje om løyve), med krav om at verksemda skal ha eit visst omfang.

§27 (krav til tillatelse)

Det kan kun gis tillatelse til transport som skal foregå senere enn to uker fra vedtakstidpunktet. Det å på generell basis seie at eit enkeltvedtak ikkje kan gjennomførast før andre partar har fått moglegheit til å klage, vil vera i strid med dei generelle reglane i forvaltningslova (og kvifor to veker når klagefristen er på tre veker?). STNR har forståing for at forvaltninga må ha ei viss saksbehandlingstid der kommune og fylkesmann kan hente inn uttale frå partar. STNR meiner at enkeltvedtak etter ny lov om motorferdsel i utmark og vassdrag må innordnar seg etter reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

§§ 9, 18, 19, 20

Etter skriftlig søknad kan fylkesmannen etter anbefaling fra kommunen gi Det er i desse paragrafane lagt opp til at søknaden først skal sendast til kommunen, som så gir si tilråding, for så å sende søknaden vidare til fylkesmannen for avgjerd. Det verkar sterkt urimeleg at kommunen skal sitte med ansvaret og arbeidet med å få inn naudsynt dokumentasjon i saker dei ikkje har mynde til å avgjere. Det einaste fornuftige i saker som fylkesmannen skal avgjere er at søknad sendast direkte til fylkesmannen. Som bakgrunn for sine vedtak kan fylkesmannen bruke kommunen sine retningslinjer og føringar i kommunal motorferdselplan.

Handsaming:

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes vedteke med unnatak av innspel til endra ordlyd på §§ 2 og 17 der det var eit mindretal og eit fleirtal (går fram av tabellen under.)

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) i Ål kommune har følgjande uttale til Forslag til nytt regelverk for motorferdsel i utmark og vassdrag:

1. STNR går i mot DN sitt framlegg til nytt regelverk.
2. STNR meiner at det er tilstrekkeleg at eitt forvaltingsorgan har ansvar for å avgjere søknadar og meiner at kommunane framleis skal ha mynde til å avgjere saker etter §9, 18, 19 og 20 for å spare tid for søkjar.
3. Subsidiert ynskjer STNR følgjande endringar i dei einskilde paragrafane i framlegget frå DN:

§	Støttar/støttar ikkje/ delvis samd	Framlegg til justering	Grunngjeving
1	DELVIS	Behalde ordlyden i gjeldande Lov om motorfredsel §1 subsidiert stryke orda "til et minimum".	
2	Støttar IKKJE Samrøystes: Fleirtal og mindretal:	<p>Stryk alt frå og med "I perioden fra og med..." til og med "... hage eller park"</p> <p>Fleirtalet på 4 (H, 2 SP og 1 FrP) røysta for: Stryk avsnittet "Vei i utmark som ikkje er opparbeidet for kjøring med vanlig bil anses i denne lov som utmark. Det same gjelder bilvei som ikkje er vinteråpen."</p> <p>Mindretalet på 2 (V) røysta for rådmannens framlegg: <u>§ 2 (virkeområde):</u> <i>I perioden frå og med 15. oktober til og med 30. april, anses også snødekt innmark som utmark, med unntak av gårds plass, hustomt, inngjerdet hage eller park. Det er nytt ved denne lova at snødekt innmark skal reknast som utmark. Med bakgrunn i føremålet å avgrense bruken av snøskuter, har STNR ikkje merknader til at dette vert teke inn i lova. Det er verdt å merke seg at den generelle innstraminga i lova, og det at innmark til no har vore ein mogleg arena for praktisk køyreopplæring, vil føre til eit auka trong for at kommunen må sett av eigna areal til praktisk køyreopplæring.</i></p> <p><i>Vei i utmark som ikke er opparbeidet for kjøring med vanlig bil, anses i denne lov som utmark. Dette betyr at private vegar kan brøytast med føremål som for eksempel snøskutersafari.</i></p> <p>Godkjente traktorvegar etter landbrukslovgjevinga, som på privat basis får ein høgare standard ein klassen tilseier, kan dermed også brøytast og brukast i samband med motorferdselarrangement. STNR stiller spørsmål om dette er hensiktsmessig, når føremålet skal vera å avgrense motorferdsel.</p>	
3	STØTTAR		
4	Støttar IKKJE	<p><u>§ 4 (krav til aktsomhet og dokumentasjon m.v. ved motorferdsel i utmark).</u> <i>All motorferdsel i utmark og på vassdrag skal foregå med miljøtilpasset</i></p>	Ordlyden er uklar og kan misstydst då det er uklart om kvar einskild må ha med <u>alle</u> desse

		<p><i>fremkomstmiddel og så aktsomt og hensynsfullt som mulig for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet, og ivareta muligheten til å oppleve stillhet og ro.</i> Dette leddet må sjåast i samanheng med definisjonen av miljøtilpassa framkomstmiddel, § 5, punkt d). Det skal her utøvast eit skjønn, med parametrar det er vanskeleg å sette ein verdi på. STNR meiner at tilhøve som t.d. kva for køyretøy som er tilgjengeleg og kostnad, må kunne takast inn i vurderinga.</p> <p>Nest siste ledd om dokumentasjon må forenklast. Kommunen skriv ut køyreløyve som skal visast på spørsmål. Endre ordlyden slik at det ikkje er krav til at køyreboka vert nedteikna før turen startar.</p>	<p>dokumenta eller om det er nok å ha med eitt av dei.</p> <p>Vertilhøva kan ofte gjera det umogleg å føre køyrebok i felt.</p> <p>Ål kommune praktiserer i dag at køyrebok med oversikt over turar må leverast inn kvart år for at løyvet skal vera gyldig neste sesong. Dette er tilstrekkeleg.</p>
§5d		Stryke siste setningen om kamhøgde.	Kva er intensjonen med detaljert regulering av type belte?
6	STØTTAR		
7	Støttar IKKJE	Må forenklast. Kommunane sjølv må kunne velgje om dei vil utarbeide ein slik plan.	
8	STØTTAR med eit tillegg	Tillegg til a: og organisert øving for redningsteneste	Tvil om øvingar inngår i omgrepet "i forbindelse med ... redningsteneste". Organisert øving er naudsynt nyttekøyring.
9	DELVIS	<p>Stryke fylkesmannen og la kommuna avgjera dispensasjonssøknadane.</p> <p>Stryke kravet til ½ G.</p>	<p>Tilstrekkeleg at eitt forvaltingsorgan har ansvar for å avgjere søknadar. Kommunane bør framleis skal ha mynde til å avgjere saker etter §9, 18, 19 og 20 for å spare tid for søkjar.</p> <p>Trongen for leigekøyringsløyver må avgjere kor mange løyve som vert gitt, jf §§14 og 15.</p>
10	DELVIS	<p><u>§ 10 (dispensasjon)</u></p> <p><i>Det kan ikke gis dispensasjon med mindre transporten etter at samfunnsmessig helhetssyn, utvilsomt er mer til gagn enn til skade eller ulempe for naturmiljøet, stillhet og ro.</i> Slik denne teksten står i dag, utan vidare føringar, er det nærast ei umogleg oppgåve å gjere denne vurderinga og</p>	T.d. transport av

		<p>samstundes kunne dokumentere/etterprøve vedtaket. Paragrafen må følgjast opp med enten ein rettleiar eller forskrift.</p> <p>Stryk siste setningen ”Det kan ikkje gis dispensasjon til persontransport”</p>	<p>isfiskerar er viktig for drifta av tursitverksemder i Ål og Ål kommune ynskjer framleis å kunne gi løyve til slik transport som inngår i næring.</p>
11	STØTTAR		
12	DELVIS	<p>Pkt a må gjelde i 3 år dvs like lenge som byggeløyvet gjeld.</p> <p>Pkt c og d er meiningslause</p>	<p>Må vera samsvar mellom plan- og bygningslova og denne lova.</p>
13	DELVIS	<p>Stryk siste setning i pkt e: ”Områdenes antall og størrelse fastsettes av DN i samarbeid med Veidirektoratet og fylkesmannen”</p>	<p>Kommunane bør sjølve få avgjere dette då det er på kommunenivå lokalkunnskapen er størst.</p>
14	STØTTAR		
15	STØTTAR		
16	DELVIS	<p><u>§16 (leie av transport med snøskuter)</u></p> <p>I punkt c) opnast det for at leigekøyring kan nyttast heile vintersesong etter at det er gjeve byggeløyve. Dette er ei innstraming i høve til tidlegare regelverk. Køyring på gyldig byggeløyve er etter STNR sin vurdering nyttekøyring, og dagens regelverk bør vidareførast. Å nytte leigekøyring ved gyldig byggeløyve vil verke fordyrande, lite fleksibelt og vil føre til meir køyring i og med at leigekøyrarar må køyre tur/retur morgon og kveld. I tillegg bør unntaket for motorferdselforbodet gjelde like lenge som byggeløyvet gjeld (dvs for 3 år). Punkt c) må difor leggst inn under § 8, og avgrensinga til fyrste vintersesong må strykast.</p> <p>Punkt e). I ein hyttekommune som Ål er det mange verksemder som har ulike oppdrag knytt opp mot hytter, det vera seg snekkarar, installasjon og vaktordning for straum og røyrleggarar. At desse skal nytte leigekøyrarar vil verke fordyrande og er lite fleksibelt. STNR meiner at denne gruppa med verksemder må få eit eige punkt under § 9 (dvs at dei kan søkje om løyve), med krav om at verksemda skal ha eit visst omfang.</p>	
17	DELVIS Fleirtal og mindretal:	<p>Nytt pkt c i tillegg: c. transport for opptak i reklameoppdrag.</p> <p>Mindretalet på 2 (V) røysta mot å ta inn eit nytt pkt c.</p>	
18	DELVIS	Kommunen bør avgjere søknadane.	
19	DELVIS	Kommunen bør avgjere søknadane.	
20	DELVIS	Kommunen bør avgjere søknadane.	
23	STØTTAR		
24	STØTTAR		
25	DELVIS	Stryk ”inntil ett år...”	<p>Må vera samsvar mellom plan- og bygningslova og denne lova.</p>

27	DELVIS	<p><u>§27 (krav til tillatelse)</u> <i>Det kan kun gis tillatelse til transport som skal foregå senere enn to uker fra vedtakstidpunktet. Det å på generell basis seie at eit enkeltvedtak ikkje kan gjennomførast før andre partar har fått moglegheit til å klage, vil vera i strid med dei generelle reglane i forvaltningslova (og kvifor to veker når klagefristen er på tre veker?). STNR har forståing for at forvaltninga må ha ei viss saksbehandlingstid viss kommune eller fylkesmann skal hente inn uttale frå partar. STNR meiner at enkeltvedtak etter ny lov om motorferdsel i utmark og vassdrag må innordnar seg etter reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.</i></p>
----	--------	---

4. STNR ynskjer at kommunestyret handsamar denne høyringssaka. Denne uttala er difor å sjå på som førebels. Endeleg uttale vert sendt så snart kommunestyret har handsama saka truleg i fyrstkomande møte som er 18. oktober.

Saksnr. 74/07

TORPOVEGEN 50 - SØKNAD OM FRITAK FOR RENOVASJONSORDNING FOR LEILIGHET

Rådmannen si innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Handsaming:

Følgjande framlegg frå Eilif Gundersen (V) vart vedteke med 4 røyster (2 V og dobbeltrøysta til leiar):

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) finn at saksutgreiinga er noko mangelfull. Ein dispensasjonssøknad må vurderast særskild. STNR ber om konkret vurdering av den aktuelle søknaden og returnerer søknaden til administrasjonen.

Mindretalet på 3 (2 SP og 1 FrP) ynskte å handsame saka.

Vedtak:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) finn at saksutgreiinga er noko mangelfull. Ein dispensasjonssøknad må vurderast særskild. STNR ber om konkret vurdering av den aktuelle søknaden og returnerer søknaden til administrasjonen.

Saksnr. 75/07

TORPOMOEN DRIFT AS - SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNAL RENOVASJONSORDNING

Rådmannen si innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Handsaming:

Tor Veslegard stilte spørsmål om han var ugild.

Eit samrøystes STNR fann at Tor Veslegard ikkje var ugild.

Følgjande omforeinte framlegg vart samrøystes vedteke:

Med heimel i "Forskrift for avfallshandtering" avslår Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) søknaden frå Torpomoen Drift AS om dispensasjon frå lovpålagt kommunal renovasjon av hushaldningsavfall.

Eigedommen står ikkje i ei særstilling, men er ein av mange eigedommar i Ål som genererer både hushaldningsavfall og næringsavfall.

Vedtak:

Med heimel i "Forskrift for avfallshandtering" avslår Sektorutval for teknisk, næring og ressurs (STNR) søknaden frå Torpomoen Drift AS om dispensasjon frå lovpålagt kommunal renovasjon av hushaldningsavfall.

Eigedommen står ikkje i ei særstilling, men er ein av mange eigedommar i Ål som genererer både hushaldningsavfall og næringsavfall.

Saksnr. 76/07

REGLEMENT FOR SANITÆRANLEGG I ÅL KOMMUNE

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommunestyre vedtek "Reglement for sanitæranlegg i Ål kommune" datert, og delegerer til sektorutval for teknisk næring og resurs å halde reglementet oppdatert.
2. Samstundes opphevar Ål kommunestyre vedtekter for Ål vassverk og reglement for tilkopling til vass- og kloakkanlegg .

Handsaming:

Saka vert utsett.

Vedtak:

Saka vert utsett.

Saksnr. 77/07

**BESTEMMELSAR FOR BRUK AV VASSMÅLAR HJÅ ABONNENTAR TILKNYTT
ÅL KOMMUNE SINE VASS- OG KLOAKKANLEGG**

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek vedlagte Bestemmelsar for bruk av vassmålarar hjå abonnentar tilknytt Ål kommune sine vass- og kloakkanlegg, datert 23.08-07. Alle noverande vassmålarar som er Ål kommune sine, vert hermed kostnadsfritt abonnentane sin eigedom.

Handsaming:

Saka vert utsett.

Vedtak:

Saka vert utsett.

Rett utskrift, Ål den 27.09.07

Kari H. Medgard
Sokr.